

Torsdag den 12.februar kl 19.00.

Fartein Valen-festivalen er arrangør av «Misjonsbilete». Førestellinga er utarbeidd av Sunnhordland Museum.

Johanne Øvstebø Tvedten formidlar forteljingar frå tida misjonsprest Arne Valen og kona Dorothea Valen var på Madagaskar. Det er ei spennande og gripande framstilling ho gjev. Heile familien Valen vart prega av denne tida, også komponisten sjølv. Alle fekk på sin måte kjenne på saknet etter familiemedlemer. Og dei fekk inntrykk ifrå ein spennende ny verdsdel.

Torsdag den 12.februar kl 19.00. Kveldsmat

For meir Informasjon og eventuelle endringar www.farteinvalen.no

Tysdag 3. mars kl.19.00.

I Eirik Raude sitt kjølvatn

Denne kvelden er den eventyrlystne Otto Molvær igjen tilbake i kulturkyrkja for å gi oss forvitnelege glimt frå europeisk busetjing i "Kalaallit Nunaat" eller "Menneska sitt land" som det heiter på inuitspråket.

Valestrand Mannskor blir og med og varmar oss med song.

Kulturkyrkjekafe etter arrangementet.

Otto Molvær tar oss med til Grønland gjennom ord og bilete.

Han har padla kajakk i farvatna der dei norrøne vikingskipa ferdast.

Me får vere med til Brattahlid, garden til hovdingen Eirik Raude, og til kyrkja han bygde for kona si, Tjodhildr.

Han meiner eit høgdepunkt på turen var å sjå utgravingane på bispesetet Gardar.

Eirik Raude var fødd på Jæren rundt 950, og kom til Island ti år gamal. Han hadde raudt hår og skjegg og hadde arva eit hissig lynne etter faren. Han døydde på Grønland 53 år gamal.

På det meste var der om lag 5000 nordbuar i Aust- og Vestbygda.

Men kvar vart dei av etter om lag 400 år?

Den mest kjende av dei tre sønene er Leifr, som overvintra på det amerikanske fastlandet om lag 500 år før italienaren Cristoforo Colombo kom til øya San Salvador i Bahamas.

Mindre kjent er det at Eirik Raude hadde ei dotter "privat", - i fylgje saga ei fæl førkje.

Resten av saga får du høyre meir om når du kjem i kulturkyrkja.

Onsdag 15.april kl 19.00

Versailles-hagen

Fartein Valen-festivalen er arrangør når Holberg Barokk framfører konserten Versailles-hagen. Tittelen er inspirert av det dansande springvatnet i fontenane i Versailles.

Springvatnet dansar menuettar og gavottar og andre dansar som er henta frå den franske danse-suiten. Konserten vert knyta saman av små anekdotar og forteljingar som knyter barokk-dansane til sin opphavelege funksjon og praksis ved Paris-hoffet. Vi får høyre særprega franske dansar av Couperin, Hotteterre og Philidor, og musikk der nettopp dansesatsen er kjelda som har gjeve heile verket form. Vidare kan ein sats frå ein av Bachs fantastiske cello-suitar passe inn i Holberg Barokks eigenkomponerte konsert-suite.

Holberg Barokk består denne gangen av fire musikere; Ruth Solveig Steinsland (bildet) - barokk-obo/ blokkfløyte, Ingrid Økland - barokk-fiolin, Anna Carlsen – barokk-cello og Hans Knut Sveen – cembalo og orgel.

Kulturkyrkekafe

Torsdag 26. mars Kl.19.00

Påsken i dagens Jerusalem

Gunnar Salomonsen tek oss med til det heilage landet slik det er i dag. Frå der drar me inn i påskebodskapen og feiringa.

Ekteparet Alvsaker blir med og set ord og tonar til forteljinga

Gunnar Salomonsen er kjend for dei fleste på Haugalandet etter si teneste som prest, prost og mykje anna.

Han har lang fartstid i Israel og kjenner folket og historia betre enn dei fleste. Hans kunnskap og forteljarevne er stor. Vi gler oss til denne kvelden saman med han.

Ragnhild Aspen Alvsaker og Steinar Alvsaker blir med og syng og spelar kjente og nye påskesalmar.

Torsdag 16. – Søndag 19. april

Fartein Valen – Festivalen

I april er det tid for Fartein Valen-festivalen igjen. Programmet vert endeleg offentleggjort om kort tid. Sett av tida til ei flott langhelg 16-19.april.

Musikkgodsteneste i Valestrand kyrkje Søndag 19. april kl. 11.00.

Som vanleg vert det overføring av gudstenesten i NRK.

Nordic Voices og prestane Arild Steinsland, Gunnar Salomonsen og Fartein Valen-Sendstad blir med.

Sunnhordland kammerorkester

Held konsert i Valestrand kyrkje

kl. 15.00 søndag 19.april.

Fylgj med i lokalpressa, i utlagde flygeblad og på www.farteinvalen.no

Open kyrkje i juli

Kvar tysdag, onsdag og torsdag i heile juli frå klokka 14.00 til 17.00 er Valestrand kulturkyrkje open. Kaffi og vaffelrøre skal stå klar til sjølvbetjening. Det er personar frå lag og organisasjonar som hjelper soknerådet å halda open kyrkje i sommar.

Nå vert det mogeleg å kombinera stell av graver med ei stille stund i kyrkja og kanskje ein prat over ein kopp kaffi.

Me treng stader der vi kan kople av. Kyrkjene er slike rasteplassar. Kyrkjerommet er ein stad der me kan oppleve «langsam tid» og møte bodskapen frå Gud om at han vil gi oss kvile. Ta ein kikk på kyrkja si interiør og utsmykking, og ha ei stille stund med meditasjon og tenning av lys. Få og med deg utstillinga til Astrid Sæverhagen som er vår gjesteutstillar i juli. Vertar er til stades og kan vise deg rundt i kyrkja. I kyrkja finn du faldar med meir informasjon om kyrkja.

Astrid Sæverhagen – Utstillar i juli

Opning Torsdag 2. juli

Astrid seier dette om seg sjøl:

Som kunstnar arbeider eg i hovudsak med figurativ teikning og maleri. Arbeider også med tekst på forskjellige måtar, som broderi og installasjon.

Vaks opp på ein liten stad i Sveio, med skog og stille, mørke tjødnar nær heimen, og det har inspirert meg til å bruka naturen både som kulisse og metafor.

For meg er kunst ikkje berre det vakre, det er ein måte å formidla ting eg finn det vanskelig å setja ord på.

Tematisk arbeider eg med kjønnsroller/kjønnsidentitet og forhold/misforhold mellom menneske. Vert fascinert av det usagte, det som er under overflata og mellom linjene...

Inspirasjon til eigen kunstnerisk verksemd finn eg bl.a. i film, bøker og musikk, men mest av alt i det eg opplever, menneske eg treffer, det som hender kvar dag, ute i verden og her eg er.

Astrid Sæverhagen er vår gjesteutstillar I juli. Ho er oppvaksen I Sveio og har utdanning frå Kunstskolen i Rogaland

Olsok – pilgrimsvandring

Onsdag 29. juli Kl. 17/19.00

Pilegrimsvandring frå Valestrand kyrkje til Valen kapell kl.17.00 Gudsteneste kl 19.00. Ta me gode og vanntette sko/ støvlar.

Etter gudstenesta vert det eit enkelt måltid i Valenheimen.

Vandringa går langs kongevegen. Langs kysten var båten det viktigaste framkomstmiddelet, men Valestrand har også hatt veg sidan middelalderen då den gamle kongevegen vart bygd. Frå middelalderen hadde bøndene hatt plikt på seg til å skyssa kongen og hans menn, men då den nye veggen kom i 1874, vart det oppretta skysstasjon. Valestrand fekk sin i Valevåg. Skysstasjonane vart drivne med tilskot frå stat og fylke, og dei var plikta til å stå klar til ei kvar tid og skyssa etter gjeldande takstar. Det var i 1860 åra dei byrja på veggen frå Haugesund til Tittelsnes og i 1869 sto den ferdig fram til Haugland. Veggen frå Liereid til Vihovde vart bygd i 1885 og veggen ut til Straumøy sto ferdig kring 1900. Veggen Lindås - Vikjo vart påbegynt i 1937 og ferdig bygd i 1959

To fine vegmerke etter vegbygginga står i dag i utkanten av Tindadalen ved Kleivo og ved nedkjørsla til Tveitavikjo i Valevåg. Den siste er kalla Kruno, og var ein kjærkomen kvileplass midt i den lange bakken frå Valevåg. To flotte steinbruer står att over Tråvåselva og Haugsgjerdelva, men lite er synleg av brua over Tjosaelva og klatrar ein ned frå europavegen ved Flåtene kan ein sjå den gamle Flåtabraua. Det vert sagt at det spøker ved denne. Den er bortimot 20 meter brei, men ikkje så lang. Nokre av dei mange stabbesteinane og gjerdestolpane laga av stein står framleis langs vegane. Men dessverre er det ytterst få av

mjølkerampane som står att. I Haugsgjerd-svingen sto ein benk dei kalla "Ja-benken". Her trefte unge forelska